

Visitasedrag ved bispevisitas i Jølster 19.–21. og 24. september 2017

Kjære kyrkjelyd!

Takk for flotte visitas dagar her i Jølster! Frå før har eg opplevd Jølster i sol og med snø på toppane som det vakraste postkort. No har eg fått eit djupare møte med både kyrkja, bygda og kulturlivet. Eg har fått aure i Stardalen, og eg fekk til og med ein spesiell song «Kveldsbøn for biskopen i Bjørgvin» på kulturkvelden på Eikåsgalleriet tysdag kveld.

Det har vore mange gode møte med tilsette, råd, elevar, lærarar og kommuneleiinga. Og det har vore oppmuntrande å sjå kva de får til.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Reidar Andreas Knapstad.

Gudsteneste

Her i Jølster har det vore feira gudsteneste i hundrevis av år. Vi veit sikkert at det var både kyrkje og prest her rundt år 1300, men mykje tyder på at kyrkja var her lenge før det. Ein har funne graver her i kommunen som kan være blant dei eldste kristne gravene i landet, tilbake til rundt år 800.

Folket bygde kyrkjer på Ålhus og Helgheim fordi dei ville ha ein stad i bygda som var vigd til møtet med Gud, der trua kan leva og få næring, der vi kan høyra evangeliet om frelsa i Jesus Kristus. Det er ikkje nok å vita det, vi treng at evangeliet vert sagt til oss. For vi treng stendig å høyra det på nytt, vi treng å oppleva det på nytt. Både gjennom ordet og i nattverden.

Under visitasen har eg merka at folk i Jølster er glade i kyrkja og sluttar opp om henne. Her høyrer de til. Dei fleste born vert døypte og konfirmasjonsdeltakinga er stor. Og når det skjer noko ekstra i kyrkja er framført godt. Det er flott, men samtidig må vi løfta fram den vanlege gudstenesta og gå fordi det er der vi høyrer til.

Og når vi går til kyrkja er vi med på å æra den treeinige Gud, slik som jølstringar gjort før oss i tusen år.

Altertavla i Helgheim kyrkje

Så må eg få seie noko om biletet i altertavla i Helgheim kyrkje, sjølv om eg veit at eg då stikk ikkje berre handa men heile hovudet inn eit vepsebol. Men dette biletet var altså i utgangspunktet meint å vere midlertidig. Eg må då også vedgå at eg helst ser at det vart

skifta ut, då biletet av ein gravplass mellom fjella ikkje formidlar ein tydeleg kristen bodskap, sjølv om gravplassen er krossmerka. Dessutan er både krossen og fjella er svært vanskeleg å få auge på. Biletet er i det heile svært utydeleg, og det skal ei alvertavle ikkje vere. Det er tydeleg at fargane har falma etter 140 år utan restaurering.

Eg har fått høyre at dette alterbiletet er likevel mange av bygdefolket blitt glade i og vil behalde. Eg vil då be dykk om å syte for at biletet vert meir synleg, også for dei som sit langt bak i kyrkja. Dette kan de enten gjere ved å ljossette alvertavla betre, eller kanskje aller helst ved å restaurere biletet slik at fargane vert klårare, og biletet vert meir likt slik det må ha vert då det var nymåla. Når dei nye vindauga med klåre kristne motiv kjem på plass ved sida av alvertavla, vil då sjølv alvertavla spele saman med desse vindauga på ein betre måte enn viss biletet i alvertavla blir like dårleg synleg som no.

Kyrkjekaffi

Kyrkja har alltid vore ein stad å treffa folk, historisk var kyrkjebakken eit møtepunkt i bygda. I våre dagar er kyrkjekaffien ein god måte å ta vare på dette fellesskapet rundt gudstenesta. Det er flott at de har det ofte. Helst burde det vera kyrkjekaffi på kvar gudsteneste i begge kyrkjene. Og det treng ikkje vera «skikkeleg kyrkjekaffi» med kake kvar gong. Praten går like lett med berre ein kaffikopp og kjeks. Men det gir oss eit høve til å stoppa igjen og til å sjå kvarandre. Det er ei viktig diakonal sida ved gudstenesta.

Kyrkjemusikk

Når det gjeld kyrkjemusikken fortener de ros. De er flinke til å nytta lokale musikkrefter. Difor er det ikkje så greitt når Jølstrakoret leggst ned. Kanskje er tida no inne for å prøva med eit kyrkjekor, eller i det minste ei forsongargruppe, for det er mange songglade Jølstringar. Det viser seg i god kyrkjesong og i oppslutninga om songkveldar her på kyrkjesenteret. Det er og positivt at det kyrkjemusikalske er godt integrert og at de har ein salmekanon, ei salmeliste for konfirmantarbeidet og for trusopplæringa.

Trusopplæring

Det som har skapt folkekyrkja i Jølster og dei gode tradisjonane, er at borna i kvar generasjon har fått læra om Jesus og bli kjent med kyrkja si. Eg vil gje skryt til trusopplæringa her i Jølster. Med tanke på bemanninga får de til mykje. Det er årlege tiltak for alle alderstrinn fram til 10 år frå babysong og «Trygg om natta»-gudsteneste for dei minste til Bibelutdeling og leir for 10-åringar.

Det er viktig at de kan halda fast på det gode de har. Skal de gå vidare, så peikar de sjølv på at de manglar tiltak for tweens-gruppa før konfirmasjon. Det verkar fornuftig at dette er neste steg i trusopplæringa, særleg her sør i kommunen der det ikkje er speidararbeid. Difor er det positivt at de no vil forsøke med eit KRIK-tilbod for denne aldersgruppa her i Vassenden.

Eg fekk vera med speidarane på utemøte på Skei, og eg er imponert over at det er så mange med, og eg er særst takksam for dei leiarane som står på år etter år.

Konfirmasjonsprosenten er høg og det kan ein takka gode opplegg og dedikerte prestar no og tidlegare for. Det at ein tar med seg konfirmantar på KFUK/KFUM sitt vintertreff er ein god ting, når ein ikkje har moglegheit for å lage eigen leir.

Det som manglar er eit tilbod etter konfirmasjon for alle dei som har hatt ei flott konfirmasjonstid. Her synes eg de skal gå vidare med planane om Minileiarkurs, MILK, for fjorårskonfirmantar saman med Førde. Dette vil nok være mest aktuelt for dei som høyrer til i Ålhus sokn.

Gjevarteneste

Det er imponerande å høyra kva de får til her med dugnad og private gåver. Denne kyrkja me sit i er jo eit døme på det. Dei nye glasmaleria i koret i Helgheim er eit anna. Det er flott at de vil at kyrkjene skal sjå fine ut, men kyrkjene må og fyllast med liv. Difor treng vi og ein dugnad for born og unge. Gjevarteneste er ein slik dugnad. Dersom de kunne få til berre 20% ekstra stilling til trusopplæringa ville de nå lenger.

Tenk om alle dei som ser verdien av eit godt barnearbeid, til dømes foreldre og besteforeldre, vart utfordra til å gje fast kvar månad direkte til barnearbeidet i kyrkja, til det dei ser at ungane har glede av. Eg trur mange vil kunne bli med på ein slik dugnad.

Difor vil eg sterkt oppmoda dykk om å forkynna fram gjevargleda og å laga ei målretta gjevarteneste slik at folk kan gje til trusopplæring og anna arbeid for born og unge. Det gjer det enklare å planlegga, og ein kan få til meir, og ein kan til og med trekka det frå på skatten. Det er mykje pengar i Jølster, men dei ligg i lommene til medlemmene. Meir av desse pengane må setjast i omløp for arbeidet i kyrkja.

Skule-kyrkjesamarbeidet

Det var ei oppleving å få vera med på skulegudsteneste i Helgheim saman med Skei skule. Då var eg med på å dramatisera teksten om den bortkomne sonen, og eg fekk vera faren som aldri gav opp å venta på sonen. Det er fyrste gong eg har byta ut bispekåpa med felleskjøpsdress.

Eg har inntrykk av at samarbeidet med skulen er godt. Og det kan gå enno lettare dersom ein snakkar saman og lagar ei årshjul og ei plan for skulegudstenester, omvisingar og samarbeid.

Sokneråd og strategiarbeid

Begge sokneråda og soknepresten skal ha stor ros fordi de arbeidar strategisk. De har i fellesskap snakka om kva som er styrker og svakheter, utfordringar og truslar i arbeidet, ein såkalla SWOT-analyse, og de har laga eit oversikteleg årshjul for arbeidet. Det må de halda fram med også etter visitasen, for det hjelper dykk å sjå framover og finna ut om de gjer dei rette tinga.

Misjon og diakoni

Kyrkja kan aldri bli seg sjølv nok. Ein må sjå utover seg sjølv til den verdsvide kyrkja. Eg vil gje ros for at de har misjonsavtale og støttar eit prosjekt i Etiopia og at de har årleg fasteaksjonen med konfirmantane med innsamling til Kirkens Nødhjelp.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen ved ordførar og rådmann for eit godt møte. Eg merka at de har syn for kyrkja, både som ein del av Jølster sin historiske identitet og at de ser kor verdifullt det er å ha presten i bygda og ei kyrkje som er med å byggja eit godt lokalsamfunn. Kommunen skal ha takk for at de ser trongen for vedlikehald i dei to kyrkjene, og at de ynskjer å gjera noko med det no før kommunesamanslåinga.

Takk

Til slutt vil eg takka for ein god visitas med mange gode opplevingar. Takk til alle som har vore med å gjera i stand! Soknepresten, kantor, kyrkjevevja, sokneråda og heile staben skal ha takk for den store innsatsen de legg ned i tenesta gjennom året; og for god tilrettelegging av denne visitasen! Takk for opplysende og velskriven visitasmelding. Takk også til prosten som har vore med å leggja til rette og planlegge denne visitasen. Han har vore med heile veggen og er biskopen sin utstrekke arm til Jølster når eg ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som samlar opp denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig, fordi det er der de hører til, fordi de treng å høyra evangeliet sagt til dykk, og for å gje Gud ære!
- Sjå om tida er inne for å laga eit kyrkjekor eller ei forsongargruppe!
- Styrk og hald oppe det trusopplæringsarbeidet de no har, og lat neste steg vera eit tilbod for tweensgruppa!
- Gje fjorårskonfirmantar tilbod om Minileiarkurs, MILK, i samarbeid med Førde!
- Få i gang ei målretta gjevarteneste for trusopplæringa og forkynna fram gjevargleda!

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Jølster med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket her.

Bjørgvin bispestol, 24. september 2017

Halvor Nordhaug